



Protokoll frå styremøte i NGIR

Tid: 07.10.2014, kl 13.30 – 16.00

Stad: Kjevikdalen

Frå styret møte:

Helge Fjellanger (leiar), Ottar Skjelvik (nestleiar), Kari Torkildsen Utkilen, Kristin Handeland, Vigdis Søvik, Martin Soltveit (1. vara)

Frå administrasjonen møte:

Erlend Kleiveland (dagleg leiar), Rune Ones (ref.)

Saksliste:

- Sak 20/14 Godkjenning av innkalling og saksliste
- Sak 21/14 Godkjenning av protokoll frå førre møte
- Sak 22/14 Meldingar
 - a. Diverse munnleg orientering
- Sak 23/14 Investeringsbudsjett 2015
- Sak 24/14 Driftsbudsjett 2015
- Sak 25/14 Renovasjonsgebyr 2015
- Sak 26/14 Slangebyr 2015
- Sak 27/14 Økonomiplan 2015-2018

Sak 20/14 Godkjenning av innkalling og saksliste

Innkalling og saksliste vart godkjent utan merknader.

Sak 21/14 Godkjenning av protokoll frå førre møte

Protokoll frå førre møte vart godkjent utan merknader.

Sak 22/14 Meldingar

Digital informasjon

NGIR aukar tilbodet om informasjon til kundane. I månadsskiftet oktober/november vil Nhl. Digital saman med NGIR offentleggjera nettløysinga "ngir.avinet.no" som byggjer vidare på "nordhordlandskart.no". Der vil ein kunna finna NGIR sine ordinære henteruter, vår-og hausttrydderuter, glaskonteinarar og hyttekonteinarar. NGIR vil og ta i bruk SMSmeldingar til kundeinformasjon, og ein er snart klar med eiga Facebook-side.

Ledig stilling

NGIR har lyst ut stilling som produksjonsleiar. Det er kome 32 søkjarar.

Tilsyn

NGIR har hatt tilsyn frå Fylkesmannen med deponigass og utslepp som hovudtema. Det er ikkje mottatt rapport frå tilsynet enno.

Restavfall

Det vart orientert om mogelege endringar i tilhøva rundt levering av restavfall til Bergen. Dersom føreslegne forskrifter som vedrører kostnadsfordeling mellom hushald og næring vert vedtatt, vil det truleg verta endringar i konkurransesituasjonen for næringsavfall i Bergensregionen. Dette skuldast måten BiR prisar næringsavfall inn til forbrenningsanlegget på. Ved vedtatt forskrift vil BiR måtte prisa nærings- og hushaldsavfall likt, der dei no prisar næringsavfall lågare grunna konkurransesituasjonen.

Konteinarløysing for jernbane

NGIR startar i månadsskiftet okt/nov levering av avfall til Sverige med spesielle konteinarar som vert frakta med tog. Dette er eit nytt konsept som kan sikra stabil levering utan det usikkerheitsmomentet som trailertransport inneberer. Lokale transportørar køyrer konteinarane til Bergen der dei vert lasta på tog og levert ca 200 m frå forbrenningsanlegg i Sverige.

Sak 23/14 Investeringsbudsjett 2015

Dagleg leiar gjekk gjennom dei vesentlegaste postane i budsjettet, med vekt på bakgrunn for investeringar i ny avfallspresse, trommelsikt for slam og auke av diversepost.

Dagleg leiar sitt framlegg til vedtak:

Styret rår til at representantskapet godkjenner fylgjande investeringsbudsjett:

Skildring	Sum 2015
Tilleggsareal Kjevikdalen og Manger	2 000 000
Bil (utsett frå 2014)	300 000
Lastebil med hengar	2 100 000
Trommelsikt slam	2 800 000
Presse avfall	2 500 000
Hjullastar	2 000 000
Konteinarar	1 000 000
Dunkar	500 000
Diverse	2 000 000
Sum	15 200 000

Vedtak i styret:

Styret rår til at representantskapet godkjenner investeringsbudsjettet for 2015.

Sak 24/14 Driftsbudsjett 2015

Det er budsjettert med eit underskot på kr 1 884 000, fordelt på - kr 1 596 000 på hushald, + kr 463 000 på næring, - kr 1 177 000 på slam og + kr 426 000 på bilvrak.

NGIR har eit utjamningsfond for hushalda på kr 6 371 861 ved starten av 2014. Inkludert kalkulatorisk rente frå utjamningsfondet og budsjettert bruk av

utjamningsfondet for 2014, vil fondet vera litt om lag 940 000 kroner ved utgongen av budsjettåret.

NGIR har eit utjamningsfond for slam på kr 2 816 180 ved starten av 2014. Inkludert kalkulatorisk rente frå utjamningsfondet og budsjettert endring for 2014, vil fondet vera om lag 1,35 millionar kroner ved utgongen av budsjettåret.

Nytt av i år er at det ikkje er budsjettert med avsetning til etterdriftsfond frå hushalda (framleis avsetjing til etterdriftsfond frå næringsavfall). Kvart år genererer kravet om å nytta kalkulatorisk rente når ein reknar sjølvkostresultatet at eigenkapitalen aukar med kring 1 million kroner . Dette skjer fordi dei kalkulatoriske rentekostnadene er større enn dei reelle rentekostnadene. Dagleg leiar føreslær at for framtida vil avsetning til etterdriftsfond skje ved at ein tek pengar frå eigenkapitalen og set av til etterdriftsfondet. Dette gjer at gebyra kan haldas lågare utan at ein kjem i konflikt med kravet om å nytta kalkulatorisk rente når ein reknar etter sjølvkostprinsippet.

Det er sett av auka midlar til ryddeaksjonar, der dagleg leiar ynskjer at NGIR gjere ein auka innsats. Det er og auka med ein 50 % stilling for å styrka arbeidet med ordinært næringsavfall. Posten "til disposisjon for styret" er fjerna.

Dagleg leiar sitt framlegg til vedtak:

Styret rår til at representantskapet godkjenner driftsbudsjettet for 2015.

Vedtak i styret:

Styret rår til at representantskapet godkjenner driftsbudsjettet for 2015.

Sak 25/14 Renovasjonsgebyr 2015

Renovasjonsgebyret har vore uendra i perioden 2012-2014.

Renovasjonsgebyret i 2015 må aukast for å dekkja auka kostnader. Auken vil vera mellom 2,6 % og 3,9 % alt etter kva abonnement ein har. For eit normalabonnement (som dei fleste har) vil det verta ei auke på 2,9 % som vil utgjere kr 80,-.

Dagleg leiar sitt framlegg til vedtak:

Styret rår representantskapet til å gjera vedtak om fylgjande renovasjonsgebyr for hushald og hytter i 2015:

Renovasjonsgebyr 2015	Rabatt/tillegg*	Utan heimek.	Med heimek.**
Restavfall kvar 4. veke, 140 liter	-kr 320,00	kr 2 520,00	kr 2 120,00
Restavfall kvar 2. veke, 140 liter	Utgangspunkt	kr 2 840,00	kr 2 440,00
Restavfall kvar 2. veke, 240 liter	kr 320,00	kr 3 160,00	kr 2 760,00
Hytterenovasjon		kr 1 420,00	

* Rabatt/tillegg for sjeldnare tømning / større dunk er oppgjeve utan mva. kr 320,00 + mva. = kr 400.

** Rabatt for heimekompostering er kr 400 utan mva / kr 500 med mva.

Vedtak i styret :

Styret rår representantskapet til å godkjenna framlegg til renovasjonsgebyr for 2015.

Sak 26/14 Slamgebyr 2015

Det er budsjettert med kr 1 177 000 i underskot frå slam. For å finansiera dette vil ein nytta utjamningsfondet og slamgebyret vert uendra i 2015.

Dagleg leiar sitt framlegg til vedtak:

Styret rår representantskapet til å gjera vedtak om fylgjande gebyrsatsar for slam i 2015:

Gebyr septikslam private: kr 747
Gebyr per kubikk slam frå kommunale avskiljarar: kr 301

Vedtak i styret:

Styret rår representantskapet til å gjera vedtak om fylgjande gebyrsatsar for slam i 2015:

Gebyr septikslam private: kr 747
Gebyr per kubikk slam frå kommunale avskiljarar: kr 301

Sak 27/14 Økonomiplan 2015-2018

Med utgangspunkt i økonomiplanen for 2014-2017 er det utarbeidd ein plan over korleis økonomien ser ut til å utvikla seg. Det er sett opp driftsbudsjett, investeringsbudsjett og forventa renovasjonsgebyr for åra 2015 til 2018. Det er også sett opp sjølvkostrekneskap og forventa utvikling av utjamningsfonda.

Det er viktig å merka seg at økonomiplanen er basert på mange usikre faktorar.

Dagleg leiar sitt framlegg til vedtak:

Styret rår til at representantskapet godkjenner økonomiplanen for 2015-2018.

Vedtak i styret:

Styret rår til at representantskapet godkjenner økonomiplanen for 2015-2018.

Kjevikdalen, 07.10.2014

Helge Fjellanger
-styreleiar-

Ottar Skjelvik
-styremedlem-

Kristin Handeland
-styremedlem-

Kari Torkildsen Utkilen
-styremedlem-

Vigdis Søvik
-styremedlem-

Martin Soltveit
-varamedlem